

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
006/2015	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	PS	04.02.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Kjersti Flatråker	14/3166	15/780

### Delingssak gbnr 45/5 Manger - ny grunneigedom for eksisterande hus

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert gjeve løyve til deling av gbnr 45/5 som omsøkt, jf. situasjonskart motteke 29.11.2014 på følgjande vilkår:

1. Vegrett over gbnr 45/5 må leggjast frem for tinglysing.

Grunngjeving av vedtaket er at arealbruken er i tråd med arealføremål satt i plan for området.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 20-1m (deling) og naturmangfaldslova §§ 8-12.

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

##### Heimelshavar


Søker er heimelshavarar til eigedomen.

##### Tiltak

Det er søkt om deling av eigedom på Manger med føremål å frådele tomt til eksisterande hus. Storleiken på arealet er i søknaden oppgjeve til å vere ca. 650 m<sup>2</sup>.

##### Planstatus

Eigedomen ligg uregulert i område satt til byggjeområde for heilårsbustader innafor kommunedelplan for Manger.



*Utsnitt av kommunedelplan for Manger*

### **Dispensasjon**

Det er ikkje trong for dispensasjon frå arealføremål.

### **Kulturminne**


Det er ikkje opplyst at det er kulturminne på arealet.

### **Nabovarsling**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Plassering**

Plassering av eigedomen er vist i situasjonsplan motteke 29.11.2014.



*Situasjonsplan vedlagt søknad*

### **Vatn og avløp (VA)**

Eigedomane er sikra lovleg vassforsyning og avløp i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

### **Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Den nye eigedomen er ikkje sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4. Vegrett over gbnr 45/5 må leggjast fram for kommunen for tinglysing.

### **Flom, skred og andre natur- og miljøforhold**

Delinga ser ikkje ut til å påvirke risiko for uønska hendingar.

### **LOVGRUNNLAG:**

Saka skal handsamast etter plan – og bygningslova § 20-1 m om deling.

Tomtedelinga er ikkje i tråd med grenser satt i reguleringsplan og saka vert difor lagt fram for avgjerd i politisk utval, jf. delegasjonsreglement for Radøy kommune.

### **Vurdering**

Tiltaket er etter rådmannen sin vurdering i tråd med arealføremål heilårsbustad i plan.

På eigedomen er det bygd heilårsbustad. Det er etablert infrastruktur i området som. Den nye parsellen må få tinglyst vegrett over gbnr 45/5.



Ortofoto 2011

## Vurdering etter naturmangfaldslova

Rådmannen har vurdert omsøkt tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Rådmannen finn ikkje at omsøkt tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova.

## Konklusjon

Omsøkt deling er i tråd med arealføremål i gjeldande plan for området og rådmannen rå til til at det vert gjeve løyve til deling.

## Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 006/2015

### **PLT - handsaming:**

Hovudutvalet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

### **PLT - vedtak:**

Det vert gjeve løyve til deling av gbnr 45/5 som omsøkt, jf. situasjonskart motteke 29.11.2014 på følgjande vilkår:

1. Vegrett over gbnr 45/5 må leggjast frem for tinglysing.

Grunngjeving av vedtaket er at arealbruken er i tråd med arealføremål satt i plan for området. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 20-1m (deling) og naturmangfaldslova §§

8-12.

**Vedlegg:**

Kart

Vedlegg

Delingssak Gbnr 45/5 Manger - Ny grunneigedom - søknad om deling